



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Distriktpolitisk rekneskap





KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Distriktspolitisk rekneskap

Forord

Ein styrke i det norske samfunnet ligg i at vi bruker heile landet. Slik får vi det beste ut av ressursane i naturen, kulturen og menneska, og slik har vi lagt grunnlaget for velstand og velferd.

Skal dette halde fram, treng vi ein medveten politikk for å halde landet i hevd.

Noreg har lange og gode tradisjonar for ein sterk distrikts- og regionalpolitikk. Slik må det framleis vere. Meir sentralisering vil ikkje gi meir velstand slik enkelte røyster hevdar. Fridom til å busetje seg der folk ønskjer er ikkje noko trugsmål mot nasjonal velstand, snarare ein føresetnad.

Derfor står denne fridomen som eit overordna mål for distrikts- og regionalpolitikken.

Seks år med raudgrøn regjering har gjort ein tydeleg forskjell for distrikts- og regionalpolitikken.

På det overordna planet har vi gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift. Vi har fått til eit distriktsløft der vi har auka løyvingane til dei særskilde distrikts- og regionalpolitiske verkemidla med om lag 55 prosent, frå 2005 til 2011. Vi har styrkt kommuneøkonomien og satsa på innovasjon, entreprenørskap og kommunale næringsfond.

Regjeringa har sytt for ein konkret og ambisiøs transportplan, som gir mykje større tempo i vegbygginga og eit betre jernbanetilbod. Noreg er no det landet i Norden som bruker mest pengar på veg. Landbruks- og matnæringa har fått betre vilkår gjennom ei sterk inntektsutvikling, norsk næringsliv er innovativt og går godt i heile landet. Eg er også nøgd med at vi har fått breiband til alle, og regjeringa følgjer opp med ambisjonar om få til enda større kapasitet på digitale løysingar over heile landet.

Som statsråd med ansvar for kommunar, distrikt og regionar får eg reise mykje rundt i eit mangfaldig land. Det som slår meg på desse turane, er den sterke viljen til utvikling, nyskaping og omstilling. Det er ei haldning vi ønskjer å dyrke fram til dømes gjennom eit ambisiøst program for lokal samfunnsutvikling i kommunane (LUK) og gjennom satsinga Bulyst. Slike satsingar har lang og god tradisjon i Noreg.


Vi har lagt til rette for at heile landet skal utvikle seg. Vi vil fortsetje med å spele på lag med lokale initiativ og all den skaparkrafta som finst i Noreg.

A handwritten signature in black ink, appearing to read "Sigmund Skarseth".

Eit distriktpolitisk løft

For å nå målet om reell fridom til busetjing har regjeringa halde fram med sitt distrikts-politiske løft gjennom heile perioden.

Løyvingane til dei særskilde distrikts- og regionalpolitiske verkemidla auka med 743 millionar kroner (om lag 55 prosent) frå 2005 til 2011 (korrigert for kompensasjonsordningar og ekstraordinære postar og overføringer).




Figur 1: Utviklinga i løyingane på programkategori 13.50, Distrikts- og regionalpolitikk i perioden 2003–2011 (eksl. kap. 551, post 61, Næringsretta midlar til regional utvikling, kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift, salderte budsjett)

Gode regionale utviklingstrekk


Folketalet veks i alle delar av landet. Utviklinga i Distrikts-Noreg ser betre ut enn dei fleste tilsvarende område i nabolanda og i resten av Europa.

- Samanlikna med dei andre nordiske landa har folketalsutviklinga i Noreg vore meir geografisk balansert det siste tiåret. Sentraliseringstempoet har blitt bremsa. Dette kjem av at vi har stor innvandring, men òg av at folk i Noreg får relativt mange barn.
- Samanliknar vi norske og svenske kommunar, viser tala at 310 av 430 kommunar (71 prosent) hadde folkevekst i 2010. I Sverige er dei tilsvarende tala 150 av 290.
- I 2010 var talet på kommunar som hadde folkevekst, det høgaste sidan 1962, men om vi ser utviklinga i høve til talet på kommunar i landet, har det ikkje i noko år i perioden 1951–2010 vore fleire kommunar med vekst.
- Vekstraten i periferien (dvs. tettstadsregionane og område med spreidd busetnad) har vore rekordhøg (sjå figur 2 under). Førre gongen vi hadde fleire år på rad med samla folketilvekst i desse områda, var i slutten av 1970-åra. Folketilveksten har kome heile landet til gode.



Figur 2. Demografiske endringar 2000–2010 i nordiske bu- og arbeidsmarknadsregionar. Kjelde: Nordregio 2010

- Noreg har lykkast med å oppretthalde ei jamn, høg verdiskaping (BNP). Tal frå 2007 viser at BNP per hovud er høgare i alle dei norske fylka enn i gjennomsnittet i EU.
- Norske fylke har gjennomgåande høgare sysselsetjing og lågare arbeidsløyse enn dei fleste regionar i Europa, og det er langt mindre interne skilnader i Noreg enn i dei fleste europeiske land (sjå figur 3).
- Vi har i større grad klart å gjere oss nytte av arbeidskrafta i heile landet. Arbeidskrafta er den viktigaste ressursen i samfunnet. Det er viktig for å kunne oppretthalde velferdsnivået i alle delar av landet, i tillegg til at det er viktig for folk å ha jobb.



Figur 3. Arbeidsløyse i Europa 2010. Kjelde: ESPON 2013
Texts and maps stemming from research projects under the ESPON programme presented in this report do not necessarily reflect the opinion of the ESPON Monitoring Committee

Ei politisk satsing tufta på kunnskap

Regeringa legg vekt på at distriktpolitikken skal vere bygd på godt dokumentert kunnskap om verkemiddel og mål. Regeringa prioriterer distriktpolitikken høgt, og fører ein aktiv distriktpolitikk.

Regeringa har:

- Lagt fram to stortingsmeldingar:
 - St.meld. nr. 21 (2005–2006) «Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken», som varsla ei forsterka satsing på distrikts- og regionalpolitikken
 - St.meld. nr. 25 (2008–2009) «Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken», som varsla ei styrking av arbeidet med lokal samfunnsutvikling for å nytte fullt ut den lokale vekstkrafa.
- Sett ned eit eksternt utval for å få fram tiltak som kan sikre at kompetansearbeidsplassar og nye statlege arbeidsplassar blir spreidde utover heile landet. Utvalet leverte NOU 2011: 3 Kompetansearbeidsplassar – drivkraft for vekst i heile landet 9. mars 2011.
- Etablert Kompetansesenter for distriktsutvikling, Distriktscenteret. Distriktscenteret skal aktivt medverke til kompetansebygging om distriktsutfordringar, og ha ei rolle som landsdekkjade kompetanseorgan, rådgivar og bidragsytar overfor styresmakter og eldsjeler.
- Sett i verk forvalningsreforma 1.1.2010, der fylkeskommunane fekk styrkt si rolle som leiande regional utviklingsaktør. Det er oppretta regionale forskingsfond i 2010 i til saman sju fondsregionar med seks milliardar kroner i fondskapital. Fonda skal styrke forskingsinnsatsen i regionane og støtte opp under prioriterte innsatsområde. Fylkeskommunane fekk overført 49 prosent av eigarskapen i Innovasjon Noreg og eit ansvar for vegsektoren ved overføring av 80 prosent av riksvegane til fylkeskommunane.
- Oppretta eit eige regjeringsutval for distrikts- og regionalpolitikk for å sikre at det gjennomgåande blir teke distriktpolitiske omsyn i alle sektorar.
- Vedteke at nye statlege verksemder skal leggjast utanfor Oslo. Unntak frå dette krev ei særskild grunngiving. Også nye funksjonar som blir eigne einingar knytte til eksisterande statlege verksemder, skal lokaliserast utanfor Oslo.
- Gjennomført Førstelinje for utvikling av næringsliv i kommunane (FUNK) i regi av Innovasjon Norge for å styrke kommunane si rettleiing «fødselshjelp» til nye etablerte bedrifter.

Betre generelle vilkår for næringsutvikling

Regjeringa har utvida den norske handlefridommen til å føre ein distriktpolitikk som aktivt kan møte dei utfordringane næringslivet i distrikta vil oppleve i åra framover.

Regjeringa har:

- Gjeninnført den differensierte arbeidsgivaravgifta. Saman med ordninga «Kompen-sasjon for auka arbeidsgivaravgift» utgjer dette ein distriktpolitisk innsats for næringslivet på om lag 13 milliardar kroner i 2011.
- Innført kompensasjonsordning for områda som ikkje fekk gjeninnført differensiert arbeidsgivaravgift, eller som fekk gjeninnført ordninga med ein høgare avgiftssats enn dei hadde før 2004. Løyvinga har auka frå 575 millionar kroner i 2007 til 696 millionar kroner i 2011.
- Det distriktpolitiske verkeområdet har på same tid blitt utvida med 24 nye kommunar etter harde forhandlingar.


Regjeringa styrker kommunane

Tilgang på gode kommunale tenester er ein føresetnad for busetjing i alle delar av landet. Regjeringa har styrkt økonomien til kommunane monaleg.

- Realveksten i inntektene til kommunesektoren har vore på om lag 48 milliardar kroner frå 2005 til 2011. Det er ein realvekst på 17 prosent. Om lag halvparten av inntektsveksten i perioden har vore frie inntekter.
- I perioden frå 2005 til 2010 auka sysselsetjinga i kommunesektoren med om lag 72 000 personar. Veksten i årsverk i same perioden har vore på om lag 48 000, om lag 26 årsverk om dagen. I fireårsperioden frå 2001 til 2005 auka sysselsetjinga med om lag 9000 personar.
- Tenestetilbodet i heile landet er styrkt både i omsorgssektoren og gjennom storstilt barnehageutbygging.
- Samhandlingsreforma flyttar helsetilbod nærmare folk.

Regjeringa styrkjer næringsutviklinga

- Regjeringa har sett i verk fleire nye tiltak for å etablere nye lønnsame bedrifter. Regjeringa har også bygt opp under ei storstilt innovasjonssatsing i alle delar av næringslivet.
- Det er eit sterkt næringsliv i heile landet med bedriftsklyngjer som er motorar i den regionale utviklinga, og som bidreg med verdiskaping som kjem fellesskapen til gode.



*Figur 4:
Nyskapingsbarometeret 2010 som er gitt ut av NHO, er ei rangering av dei regionane i Noreg som skårar høgast på
innovasjon og nyetableringar. Bjørnefjorden utanfor Bergen toppar denne lista¹.*

¹ Kjelde: Knut Vareide, Telemarksforskning 2010.

Regjeringa har:

- Sett i gang eit nytt forsterka næringshageprogram under SIVA, der rammene er dobla.
- Styrkt arbeidet til Innovasjon Noreg. I budsjettet for 2005 var det løyvd 2390 millionar kroner (lån og garantiar ikkje irekna) medan i budsjettet for 2011, var tilsvarende løyving på 2901 millionar kroner. Det vil seie ei auke på 511 millionar kroner. I tillegg er lånerammene betydeleg utvida.
- Starta ei landsdekkjande mentorordning for unge etablerar i alderen 18–35 år.
- Gjeninnført kommunale næringsfond og styrkt løyvinga til 225 millionar kroner i 2011
- Gitt omstillingsmidlar til kommunar som har mist mange arbeidsplassar.
- Etablert tolv Norwegian Centres of Expertise i heile landet og satsa tungt på bedriftsnettverk gjennom Arena-programmet for å styrkje næringsklyngjene rundt om i landet.

Snitt	2002–2005	2006–2009
Totalt i Noreg	41 843	47 114
Innanfor distriktpolitisk verkeområde	8 728	9 964
Utanfor distriktpolitisk verkeområde	33 115	37 150

Tabell 1: Nyetableringar i periodane 2002–2005 og 2006–2009 (gjennomsnitt for fireårsperioden) Kjelde: SSB

Regjeringa styrkjer storbyane

Regjeringa satsar på internasjonalt konkurransedyktige og skapande storbyar som er motorar for utvikling i heile landet.

Regjeringa har:

- Gjennomført Storbyprosjektet som fokuserte på rolla byane speler for innovasjon og utvikling.
- Lagt fram ei eiga hovudstadsmelding, St.meld. nr. 31 (2006–2007). Meldinga inneholder ei rekke tiltak for ein open, skapande og trygg hovudstadsregion.

Ekstrainnsats for ungdom og kvinner

Ungdom og kvinner er spesielt viktige målgrupper for regjeringa i distrikts- og regionalpolitikken.

Regjeringa har:

- Fått på plass ei rekke tiltak for å styrke innovasjon og entreprenørskap blant kvinner og unge, mellom anna nedfelt i «Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner» og handlingsplanen «Entreprenørskap i utdanningen».
- Auka løyvingane til entreprenørskap blant unge frå 13 millionar i 2008 til 32 millionar i 2011.
- Etablert mentorordning for unge gründerar og stimulert gründersatsinga ved høgskulane.
- Sett i gang eit prøveprosjekt med føraropplæring knytt til fleire vidaregåande skular i Distrikts-Noreg for å gi elevar med lang avstand til køyreskular eit betre tilbod.

Nordområdesatsing

Regjeringa har gjennom Nordområde-satsinga arbeidd aktivt for å bygge opp og styrke lang-siktig optimisme og framtidstru for Nord-Noreg.

Regjeringa har:

- Sett i verk ein ekstrainnsats for næringsutvikling på land. Regjeringa har brukt til saman 210 millionar kroner av regionale utviklingsmidlar til Nordområdesatsinga i perioden 2008–2011. Midlane har mellom anna medverka til å opprette NordNorsk Reiseliv AS med 50 millionar i statleg startkapital, Prosjekt reiseliv i nord, Forskningsløft i nord, ARKTEK (utviklingsprosjekt for underleverandørar) og ein ekstra støtte til unge entreprenørar.
- Sett i gang Forskningsløft i nord, ei strategisk satsing på kunnskapsinfrastruktur i regi av Forskningsrådet. Målet er å styrke og vidareutvikle kunnskapsmiljø i Nord-Noreg gjennom langsiktig forsking i eit nært samarbeid mellom gode forskingsmiljø, utdanningsinstitusjonar og næringsliv innanfor reiseliv og arktisk teknologi. Verdiskaping for turistar, reiselivsnæringa og destinasjonar, jordobservasjon, avfallshandtering, kaldt klima-teknologi og sensorteknologi er blant emna i Forskningsløft Nord.

Attraktive stader

Regjeringa har støtta opp under lokale initiativ for å utvikle attraktive lokalsamfunn, som til dømes tiltak for å betre tenestetilbodet, skape arbeidsplassar, inkludere innflyttarar, skape og bevare møteplassar, og lage engasjerande kultur- og fritidstilbod.

Regjeringa har:

- Løyvd totalt 81,7 millionar kroner i 2010 og 2011 til Bulyst, eit program som skal gjere distriktskommunar meir attraktive for busetjing. 32 millionar kroner blei lyste ut i 2010, og til saman 35 prosjekt fekk støtte. Det blei brukt 50 millionar kroner til Bulyst i statsbudsjettet for 2011. 43 prosjekt frå alle delar av landet fekk støtte.
- Sett i verk satsinga «Lokal samfunnsutvikling i kommunane» (LUK), som skal gi kommunane betre vilkår for å gjennomføre utviklingstiltak lokalt, i tillegg til å styrke fylkeskommunen som regional utviklingsaktør. Løyvinga var på 30 millionar kroner i 2010 og det same beløpet i 2011.
- Gjennomført eit småsamfunnsprogram på 141,5 millionar kroner frå 2005–2009 for å utvikle attraktive småsamfunn. Ein hovudkonklusjon frå evalueringa er at småsamfunnssatsinga verkar. Evalueringa peiker på kva satsinga har å seie for mobilisering og engasjement i lokalt utviklingsarbeid.
- Styrkt og vidareført MERKUR-programmet for å sikre eit grunnleggjande tenestetilbod i mindre bygder. Ei ny ordning med investeringsstøtte for dei minste distriktsbutikkane er etablert.

Breiband i heile landet

Regjeringa har så godt som nådd målet om at heile landet skal ha tilgang til breiband. Grunnleggjande breibandskapasitet dekkjer no 99,7 prosent av husstandane.

Regjeringa har:

- Løyvd meir enn ein milliard kroner til breibandsformål over heile landet. Midlane har også vore med på å løyse ut andre offentlege og private midlar til utbygging av breiband. Dette har gjort sitt til at 100 000 husstandar som elles ikkje ville ha fått tilbod, no har tilbod om breiband.

Meir til samferdsle

Sidan 2005 har løyvingane til veg og jernbane auka med 50 prosent. Til veg er løyvingane auka med 44 prosent, til jernbane med 67 prosent. Innsatsen på vedlikehald i år gjer at forfallet av infrastrukturen er stansa.

Regjeringa har:

- I 2010 brukte Noreg 12,4 milliardar kroner meir på veg enn Sverige, trass i at vegnettet til Sverige er langt større enn i Noreg. Noreg løyver mest pengar til veg av alle landa i Norden, uavhengig av storleiken på vegnettet. Det har ikkje alltid vore slik. I perioden 1995–2004 brukte Noreg mindre enn Sverige, medan Noreg har brukte vesentleg meir enn Sverige i perioden 2006–2010.
- Lagt til rette for at det i 2011 blir lagt 3575 kilometer nytt vegdekke med asfalt på norske riks- og fylkesvegar.
- Fått på plass ein avtale som sikrar daglege avgangar for Hurtigruta Bergen–Kirkenes heile året frå alle 34 hamnene.
- Innført eit treårig forsøk med gratisferjer på to strekningar frå 2010: ei strekning i Sogn og Fjordane og ei i Troms.
- I NTP 2010–2019 lagt til rette for løyvingar på heile ein milliard kroner til rassikring på riks- og fylkesvegnettet kvart år, halvparten til riksveg og halvparten til fylkesveg. Dette er nær ei tredobling samanlikna med det som var føresett for perioden 2006–2009. I 2011 er den samla løyvinga til rassikring auka til 1051,1 millionar kroner. Lovnaden om ei årleg løyving på ein milliard kroner til rassikring kvart år er følgd opp!
- Sett i gang programmet Kollektivtransporten i distrikta for å vise korleis kollektivtilbodet i distrikta kan styrkjast gjennom ei meir effektiv samordning av ressursar og verkemiddel. Eit viktig mål med prosjektet er å gjere det lettare for ungdom, eldre og uføre å bli buande i distriktet.

Utgiven av:
Kommunal- og regionaldepartementet

Offentlege institusjonar kan tingje fleire
eksemplar frå:
Servicesenteret for departementa
Post og distribusjon
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Tlf. nr.: 22 24 20 00

Publikasjonskode: H-2268 N

Foto: Pål Bugge/Innovasjon Noreg
Publikasjonen er òg tilgjengeleg på www.regjeringa.no

Trykk: Servicesenteret for departementa - 09/2011 - 1500

